



Program for **Sykkylven** **Venstre**

for perioden 2015-2019



Rett tilbod til der folk bur.

Ein liten administrasjon, i konstant endring og i samsvar med behova.

I dette programmet finn du Sykkylven Venstre sine satsingsfelt dei neste åra. Eldreomsorg, oppvekst, samferdsel, kultur og miljø er nøkkelområder.

Vi er optimistiske på kommunen vår sine vegner. Venstre meiner Sykkylven med sin rike natur og næringsliv gjer kommunen vår unik. Samtidig er handlingsrommet økonomisk krevjande.

Venstre krev difor betre økonomisk styring og kontroll. Vi ynskjer å ha ein liten og effektiv administrasjon, som er i konstant endring og i samsvar med behova.

Vi ynskjer å vere politikarar som samarbeider med administrasjonen, samtidig som vi set klare krav til effektivitet og nytenking. Samarbeid gir trivsel, tillit og auka produktivitet.

Vi ser fram til å møte deg på stand!

GODT VAL

Helse og sosial

Tiltak med gevinst både for enkeltindivid og kommune.

Dei fleste eldre vil bu heime lengst mogleg. Dette er også det mest økonomiske for kommunen. Venstre vil difor styrke heimebasert omsorg og dagsentra.

Rehabilitering og systematisk trening i eigen heim vil gje stor gevinst både for enkeltindivid og kommune.

Viktigast av alt stimulerer ein til friskare og meir nøgde innbyggjarar ved at dei får vere lengst mogleg delaktige i eigne liv.

Venstre vil arbeide for å sikre at vi har den kompetansen som trengs for at dette kan utførast i praksis.

Venstre vil:

- ✓ Styrke heimebasert omsorg og dagsentra.
- ✓ Arbeide for høg, tverrfagleg kompetanse innan helse og omsorg.
- ✓ Legge til rette for at flest mogleg skal få høve til å ta del i arbeidslivet.



Barnehage

Oppvekst og utvikling i trygge omgjevnader.

Venstre vil arbeide for ei rettferdig fordeling av barnehageplassar - tilbodet må stå i samsvar med kvar folk bur og jobbar. Venstre vil styrke barnehagetilbodet i sentrum.

Ein god familiepolitikk er avgjerande for å rekruttere fleire familiar til Sykkylven. Det jobbar vi for!

Venstre vil:

- ✓ Arbeide for å styrke barnehagetilbodet der behovet er størst.
- ✓ Arbeide for å etablere ein ny, stor sentrumsbarnehage.

Ein god familiepolitikk er avgjerande for å rekruttere fleire familiar til Sykkylven.

Skule og utdanning

Ein solid grunnskule er eit godt grunnlag for vidare skulegang.

Ein trygg skule med godt utdanna pedagogar i klasserommet er viktig for Venstre. For å sikre det beste læringsutbyttet, og tiltrekke oss dei sterkaste ressursane i skuleverket, er ein sentralt plassert skule med moderne fasilitetar vegen å gå.

Venstre vil nytte disponible midlar til auka lærartettleik, oppdatterte læreverk, trivsel og aktivitet i klasserommet. Venstre vil gjennom målretta satsing arbeide for å få ned fråfallet i vidaregåande skule.

Venstre vil:

- ✓ Arbeide for å få i gong bygginga av ny sentrumsskule.
- ✓ Auke lærartettleiken i klasserommet.
- ✓ Styrke den tilpassa opplæringa i skulen.
- ✓ Legge til rette for tidleg innsats for barn og unge i risiksona, gjennom å arbeide for å betre samhandling mellom barnehage, skule, PPT, barnevern, helsestasjon og politi.
- ✓ Oppretthalde og vidareutvikle tilbodet med helsesystre i skulen.

Å få utflytta sykkyllvingar heim er eit område Venstre ynskjer å prioritere. Gjennom eit traineeprogram kan vi gjere oss attraktive for kompetent arbeidskraft.

Venstre vil:

- ✓ Arbeide for å få på plass eit traineeprogram i samarbeid med offentlege og private aktørar med målsetjing om å få utflytta sykkyllvingar heim.

Teknisk, samferdsel og utvikling

Det skal vere trygt og lett å kome seg fram og bu i Sykkylven.

Sykkylven Venstre vil arbeide for tunnel Hole – Stranda, og kjempe imot bomstasjon mellom Magerhom og Glomset.

Venstre ser også behovet for å ta betre vare på det vi eig, og ynskjer difor å styrke vedlikehaldet av bygningane våre.

Vi skal vere stolte over og støtte opp om næringslivet i bygda.

Samtidig er det viktig at vi legg til rette for nyetableringar og utviding

av eksisterande næringsaktivitet.

Venstre vil:

- ✓ Arbeide for tunnel Hole-Stranda.
- ✓ Kjempe imot bomstasjon mellom Magerholm-Glomset.
- ✓ Styrke vedlikehaldet av bygningar kommunen eig.
- ✓ Legge til rette for nyetableringar og styrking av eksisterande næringsaktivitet.

Kultur, idrett og friluft

Sykkylven Venstre ynskjer å vere kulturpartiet.

Kulturarbeidet i bygda baserer seg i stor grad på frivillig arbeid og eldsjeler. Venstre ynskjer å støtte frivillige lag og organisasjonar framfor auka kommunal aktivitet.

Friluftsliv er ein vesentleg del av vår folkekultur. Difor er det viktig for Venstre å ta vare på alle dei fantastiske områda vi har her i bygda.

Venstre vil:

- ✓ Prioritere frivillige lag og organisasjonar.
- ✓ Verne om naturen og dei flotte omgjevnadane rundt oss.

For å sikre det beste læringsutbyttet, og tiltrekke oss dei sterkaste ressursane i skuleverket, er ein sentralt plassert skule med moderne fasilitetar vegen å gå.

Venstre vil kjempe imot bomstasjon mellom Magerhom og Glomset.

Venstre ynskjer å støtte frivillige lag og organisasjonar framfor auka kommunal aktivitet.

Slik skal vi prioritere miljø og klima i Sykkylven

Gjennom målretta satsingar skal det bli lettare å ta grønne val.

Venstre vil ha "Grøne krav" til alle utbyggjarar og til kommunal drift. Gjennom haldningsarbeid og investeringar er det eit mål å redusere energibruken på kommunale bygg.

Grøne krav, haldningsarbeid og miljøeffektive investeringar.

Velhaldne og ryddige omgjevnader skaper trivsel. Venstre vil arbeide for å vedlikehalde grøntanlegga i kommunen.

Velhaldne og ryddige omgjevnadar skaper trivsel.

Nysæterområdet er det største frilufts- og rekreasjonsområdet i bygda. Dessverre har dette området dei største miljømessige utfordringane.

For Venstre er dette ei svært viktig sak og vi vil jobbe aktivt for å få på plass permanent vatn- og avløpsordning for å komme i bukt med

problemet og bevare miljøet.

Sentrumsutviklinga må vere framoverlent og inkludere tilrettelegging for rullestolbrukarar samt ladestasjonar for elbil.

Venstre vil:

- ✓ Arbeide for avløpsordning for hyttene i Nysæter- og Fausa-området.
- ✓ Setje grønne krav til utbyggjarar og kommunal drift.
- ✓ Arbeide for å redusere energibruken på kommunale bygg.
- ✓ Arbeide for å etablere ladestasjonar for elbilar.
- ✓ Legge betre til rette for rullestolbrukarar i sentrum.

Venstre vil jobbe aktivt for å få på plass permanent vatn- og avløpsordning i Nysæter- og Fausa-området.



Stem Venstre for:

*Ei stemme til Sykkylven
Venstre er ei stemme
til partiet som set folk
først!*

Ei trygg bygd å vekse opp i med gode barnehagar og skular er viktig for Venstre.

Vi vil legge til rette for at dei som ynskjer det skal få bu heime så lenge som muleg.

Alle som har helse til det, skal få moglegheit til bidra i ein kommune der vi satsar på noverande og nye arbeidsplassar!

Venstre vil:

- ✓ Styrke barnehagetilbodet.
- ✓ Få framgang i arbeidet med ny sentrumsskule.
- ✓ Styrke den tilpassa opplæringa i grunnskulen.
- ✓ Satse på heimebasert omsorg.
- ✓ Ta vare på friluftsområda i kommunen.
- ✓ Arbeide for avløpsordning for hyttene i Nysæter- og Fausa-området.
- ✓ Etablere ladestasjonar for el-bilar.

Venstre sine kandidatar i Sykkylven



1. John Kenneth Brenne (f.1973)

sivilingeniør,

Eg vil arbeide for eit sterke sentrum, slik at vi trygger tilboda der etterspurnaden er størst.



2. Kanutte Roald (f. 1983)

anestesistjukepleiar,

Mine hjertesaker er familie, helse og miljø. Eg vil kjempe for eit barnehagetilbod der behovet er størst.



3. Bjørn Idar Lyngvær (f. 1964)

dagleg leiar,

Eg vil arbeide for ei smidigare og raskare sakshandsaming i bygge-, dele- og reguleringssaker.



4. Hogne Ulla (f. 1990)

siviløkonom,

Eg vil arbeide for ein skule som fremjar trivsel, læring og kreativitet i samspel med næringslivet i bygda.

5. Ove Bjerkan

(f. 1946), pensjonist

6. André Brenne

(f. 1969), fabrikkarbeidar

7. Amund Flisnes

(f. 1967), butikkmedarbeidar

8. Asbjørn Grebstad Hovland

(f. 1956), vaktmester

9. Tone Klakken

(f. 1979), ergoterapeut

10. Carl-Johan Tandstad

(f. 1963), adjunkt

11. Håvard Elias Hovet Aas

(f. 1992), butikkmedarbeidar

12. Sveinung Vemøy

(f. 1960), kvalitetsleiar

Les meir om vår politikk og våre kandidatar på våre nettsider.

www.venstre.no/sykkylven



VENSTRE